

Søknad

| | | | | |
|----------------------|---|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2017-0020 | Søknadsår | 2017 | Arkivsak |
| Støtteordning | Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland | | | |
| Prosjektnavn | Utbygging av breidband til Giljane/Skjelsundet i Masfjorden kommune | | | |

Kort beskrivelse

Søknaden gjeld tilskot til bygging av breidband fram til dei to bustadfelta Giljane og Skjelsundet, som ligg nært kvarandre, og inntil kommunevegen Areklettvegen vest for Hosteland i Masfjorden.

Dette er eit område med ein del bustader som ikkje kom inn i det store fiberprosjektet som i løpet av 2017 vil sikre at om lag 2/3 av husstandane i Masfjorden får breidbandstilbod.

Prosjektbeskrivelse

Dette prosjektet handlar om å få bygd ut breidband til dei to bustadfelta Giljane og Skjelsundet. I 2016 vart det godkjent ein ny reguleringsplan med fem bustadtomter heilt nord i dette feltet, og desse tomtene vil verta bygd ut i 2017. Det er til saman 12 bustader i dette området og det vil venteleg verta fleire i framtida.

Telenor byggjer no ut fiber langs fylkesveg 570 frå grense Gulen kommune og forbi vegkrysset til Areklettvegen. Det vert søkt om å få etablera ei sidegrein av dette og ca 1,5 kilometer sørover til dei to bustadfelta. Dei første bustadane kjem alt etter 500 meter. Nedunder er detaljert prosjektskildring definert:

Forslag til utbygging av Fibernett Giljane og Skjelsundet bustadfelt.

Det må etableres 1 stk ny stolpe ved Areklettvegen/Fensfjordvegen. Se vedlegg. Kabel fra Telenor må så føres over veg, og inn i nytt skap ved stolpe. Telenor sørger for å etablere ny stolpe, samt føre inntaksfiber over veggen. Her må vi koordinere i forhold til hvilken nett Telenor ønsker å bruke. (punkt til punkt, eller PON)

Det strekkes så 1 stk G96 SM ADSS fiberkabel fra skap ved første stolpe, og inn i 40mm DL rør. Det strekkes så via 3 trekk kummer hvor det legges igjen kveil til framtidig bruk, og vidare frem til første pidestall (P-Are 01) Her legges det også igjen kveil til nytt bustadfelt. G96 SM fiberkabelen trekkes så vidare til P-Are 02.

Det skal vidare strekkes 1 stk G24 fiberkabel fra P-Are 02 og frem til P-Are 03, samt 1 G24 fiberkabel fra P-Are 02 og frem til P-Are 04. Fra P-Are 04, trekkes det 1 stk G24 SM Fiberkabel frem til P-Are 05. Fra pidestaller ligger det rør til hver bolig som kan benyttes. Her benytter vi G2 SM microfiber.

Fra pidestall P-Are 02 og frem til pidestall P-Are 06 og P-Are 07, benytter vi G48 SM Fiberkabel. Fra P-Are 07 og frem til P-Are 08, benyttes G24 SM ADSS fiberkabel som strekkes via kum på naust området, gjennom nytt rør frem til bro, og vidare i rør frem til første stolpe punkt ved hus nr 148. Videre strekkes fiberkabelen via stolper frem til P-Are 08.

Det strekkes så en stk G24 ADSS fiberkabel fra P-Are 08 og frem til P-Are 09. Her strekkes også fiberkabelen via eksisterende stolper som vist i tegning.

Alle kundekablene som blir benyttet i stolpe området er G4 SM ADSS.

Her er det også viktig at kommunen/Telenor søker om kabel plass i stolper, da dette må registreres og godkjennes før arbeidet kan starte.

Arbeid på ny rør trase fra kryss og frem til P-Are 01, samt fra naust området og frem til bro, er dugnad basert, og må godkjennes fra kommunen. Materiell kommer i tillegg.

Kunde installasjoner er inkludert i forslaget, men må koordineres med Telenor. Ein terminerer sluttbruker i SC/APC kontakt.

Til saman 28 bustader vil då få høghastigheit breidband fram til seg.

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|-------------------------|---------------------------|---|----------|
| Søker / Prosjekteier | Sveinung Toft Org.nr:- | Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES | 40924790 |
| Kontakt- person | Sveinung Toft | Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES | 40924790 |
| Prosjekt- leder | Sveinung Toft | Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES | 40924790 |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

NKOM støtte i 2015 til utvalde område i Masfjorden , som Telenor vil bygge ut i 2017.

Ladestasjonar for El-bilar. Tilskot i 2016 frå Hordaland fylkeskommune.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Masfjorden kommune er ein av kommunane i Hordaland som har dårlegast dekningsgrad når det gjeld breiband med grunnleggjande god kvalitet (breiband med høg hastigheit) til husstandar. Venteleg vil dette verta forbetra sterkt når Telenor er ferdig med si utbygging i løpet av 2017. Då vil om lag 2/3 av husstandane i Masfjorden kommune fått tilgang til brediband med høg hastigheit. Denen søknaden handler om å dekke eit område som ikkje kom med i den store utbygginga. Supplering av slike bygder er ein del av Msfjorden kommune sitt langsiktige prosjekt, om at alle innbyggjarar på sikt skal få breidband med høg hastigheit.

Området Giljane og Skjelsundet består av mange relativt nye bustader, og det er nyleg godkjent eit mindre bustadfelt med fem nye bustadtomter her. Det er difor viktig for Masfjorden kommune å leggja til rette for at område som ikkje kom med i den første runden med NKOM midlar, også får eit tilbod. På denne staden er det og eit stort lokalt engasjement til å få på plass breidband. og Masfjorden kommune ønskjer å bidra til realiseringa.

Prosjekt mål

Målet er å få fram breidband i form av høghastighetsfiber til to mindre bustadfelt, og til eit området som er under utvikling med fem nye bustader i løpet av 2017/2018.

Prosjekt målet er å få realisert ei kostnadseffektiv fiberutbygging fram til bustadane i løpet av 2018.

Målet er at til saman 28 bustader vil få fiber i løpet av prosjektperioden.

Forankring

Saka er forankra i kommunestyrevedtak 069/2016 i møte den 28.09.2016.

Nedunder er deler av saksutgreiinga vist:

" Drøfting om utbygging av fleire område for breidband i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Følgjande andre område vert prioritert teke inn i tillegg til dei 8 områda som Telenor alt har kontrakt om:

.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har no skrive kontrakt med Telenor Norge AS (Telenor) for å byggja ut breiband til heimar i Masfjorden kommune. Kontrakten med Telenor er på krone 3,5 millionar, og er lik det Masfjorden kommune fekk i tilskot frå nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) i brev av 27.10.2015, midlar som no er overført til kommunen. I følge avtalen skal breibandsutbygginga starta opp i vinter og arbeidet vera ferdig innan 1. desember 2017.

I samband med orientering om kontraktstildelinga, ga NKOM til kjenne at søknaden forpliktar kommunen til å bidra med beløpet som vart ført opp i tabell 4.1, sjå under, og at dersom tilbodskonkurransen gav eit resultat at prosjektet kan realiserast til ein lågare kostnad enn forutsett i søknaden, skal det statlege tilskotet reduserast tilsvarande, evt. at utbygginga kan utvidast til å omfatte flere områder etter nærmare avtale med Nkom.

Det betyr at kommunen må bidra med 1 million kroner i prosjektet.

Dei utvalde områda det no er skrive kontrakt om utbygging av fiber til heimane er:

- 1) Sandnes/ Kvamme, 2) Matre, 3) Hosteland, 4) Haugsvær, 5) Solheim, 6) Sleire/ Frøyset,
- 7) Straumsvika og 8) Ytre Haugsdal/ Haugsdalsvågen. Det vert vist til vedlagde kart.

Det betyr at ein no får bygd ut fiber til ca 350 hus og hytter i tillegg til dei tre prioriterte område som til saman har ca 230 hus/hytter, til saman vert det eit tilbod til ca 570 bueiningar/ hytter.

Telenor Norge AS skreiv i tilbodsokumentet følgjande om andre område i Masfjorden:

« Utvidelser og nye områder:

Telenor ser et bra potensiale for vidare utbygging med FTTH/FTTB til boliger og næringseiendommer i tilliggende og mellom konkurranseutlyste områder. Eksempel på dette er

- Kvingo-Mjanger
- Andvik
- Duesund/Reknes
- Giljane
- Holsøya

Telenor ønsker vidare dialog med Masfjorden kommune om slik utbygging.»

Kommunen har i ettertid prøvd å finne ut kva kostnader ei utbygging av breiband i desse utvalde områda kan koma på. Dette som grunnlag for politisk drøfting og eventuell prioritering.

Eit grovt, uforpliktande anslag for tilskotsbehovet for dei 5 områda nemnd ovanfor har ein funne ut kan vera i storleiken 5 mill, der estimert andel av tilskotsbehovet pr. område er gjeve i lista under:

- Andvik 15%
- Duesund/Reknes 22%
- Giljane 17%
- Holsøya 8%
- Kvingo-Mjanger 38%

Fordeler ein 5 millioner slik får me følgjande fordeling i kroner:

| | | |
|------------------|-----|-------------|
| · Andvik | 15% | 750.000,- |
| · Duesund/Reknes | 22% | 1.100.000,- |
| · Giljane | 17% | 850.000,- |
| · Holsøya | 8% | 400.000,- |
| · Kvingo-Mjanger | 38% | 1.900.000,- |

Vurdering

Administrasjonen meiner at det er viktig at det snarast vert gjort ei politisk drøfting om kva ekstra område som bør prioriterast innanfor den millionen som kommunen har lova skulle nyttast til breidbandprosjektet. Alternativet er at ein må betala tilbake deler av tilskotet.

Det er viktig å få mest mogeleg nytte for kvar krone som vert brukt. Ein vil og vise til at Reknes Byggjeverar L.L ved fleire høve har gjeve melding om at dei slit med dårleg nett i Selvåg, og at dei difor har bede om tilbakemelding på kva som ligg i pakken som Masfjorden kommune har signert med Telenor.

Rådmannen meiner ein bør prioritere område der det er størst potensiale for tilvekst av nye bustader og nye innbyggjarar.

Då er både området ved Giljane, bustadfeltet ved Duesund og einskildbygder på sørsida viktig å få drøfta..."

Konklusjon

Rådmanen rår til at formannskapet no løyver krone 1 million til investeringsprosjektet breidband til heimane. Denne summen kjem i tillegg til NKOM sitt tilskot på krone 3,5 million. Kva område som skal prioriterast til å koma med i tillegg til dei 8 områda Telenor har skrive kontrakt om må no avklarast politisk. Det er eit krav i tilskotet at utbygginga er gjennomført i løpet av 2017, og difor hastar det med ei avgjerd.

Kommunestyret - 069/2016:

KS - vedtak:

Kommunestyret løyver 1 million kroner til breidband i heimane i Masfjorden. (Denne summen kjem i tillegg til NKOM midlane på 3,5 million)

Ordførar og rådmann får fullmakt til å utvide søknadar og kontraktar innafor ei ramme på kr. 2 mill i eigenfinansiering. Rammene vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan. Kommunestyret ynskjer at prinsippet om at flest brukarar pr. investerte rammer ligg til grunn for prioritering.

Prosjektorganisering

Masfjorden kommune er prosjekteigar og står som anskaffar av breidband fram til området.

Sveinung Toft er både prosjektansvarleg og ansvarleg for oppfølging av prosjektet. Han er også kontaktperson.

Eiga arbeidsgruppe vert oppnemnt av rådmannen når prosjektet skal realiserast.

Samarbeidspartnere

Innbyggjarar i bustadfeltet .Kontaktperson Kent Remy Berge Kvamsdal

Telenor i høve til framtidig drift og som kvalitetsikrar.

Aktivitetar

1. Søknadsfase om tilskot
2. Prosjektfase, med innhenting av tilbod på arbeid

3. Innbyggjarmøte med orientering om prosjektet og lokal deltaking.

4. Oppstart av arbeid i felt

Målgrupper

Alle eigarar av bustader innanfor prosjektområdet.

Eventuelle hytteeigarar som er i området.

Resultat

Resultatmålet er 28 bustader får fiber (breidband med høg hastigheit) fram til vegg/tomtegrense i løpet av 2017.

Effekter

Den langsiktige effekten er at ein med fiber til heimane i dette området opprettheld busettinga i denne delen av skulekrinsen, og gjer området attraktivt for nye familiar å slå seg ned i. Det igjen vil styrka grunnlaget for å oppretthalda private og offentlege tenestetilbod på nordsida av Masfjorden.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

1. Sende inn søknad om tilskot 31.01.2017
2. Sende ut dokument for innhenting av tilbod 31. mai 2017
3. Gjere avtaler om utbygging med føretak 30. juli 2017
4. Orientering og møte med innbyggjarar i løpet av september 2017.
5. Utbygging av fiber i perioden november 2017 til 1.mai 2018
6. Ferdigstilling med sluttregneskap innan 01.05.2018

Kostnadsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|--------------------|----------------|----------------|------|------|------|----------------|
| 01.Personalkost | 100 000 | 50 000 | | | | 150 000 |
| 03.Utstyr | 100 000 | 200 000 | | | | 300 000 |
| Bygging | 100 000 | 200 000 | | | | 300 000 |
| Prosjektering | 50 000 | | | | | 50 000 |
| Sum kostnad | 350 000 | 450 000 | | | | 800 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---|----------------|----------------|------|------|------|----------------|
| Regionale utviklingsprosjekt Hordaland | 266 000 | | | | | 266 000 |
| Tilskot Masfjorden kommune og partnarar | 84 000 | 450 000 | | | | 534 000 |
| Sum finansiering | 350 000 | 450 000 | | | | 800 000 |

Tilskotet til Masfjorden kommune og lokale partnerar vil sikre god likviditet i prosjektet. Tilskot frå regionale utviklingsprosjekt Hordaland er avgjerande for om prosjektet vert realisert.

Geografi

1266-Masfjorden

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|--|--------------|------------|
| Giljane og Skjelsundet område som skal byggjast ut med fiber i 2017 og 2018.pdf | 2 608 372 | 31.01.2017 |
| Kart med oversikt over breibandsutbygging i Masfjorden til utvalde bygder i regi av Telenor 2017.msg | 1 931 776 | 31.01.2017 |
| Oversiktskart som viser prosjektområdet Giljane og Skjelsundet i Masfjorden kommune.pdf | 3 094 455 | 31.01.2017 |
| Prosjekt breidband til Giljane og Skjelsundet bustadfelt.msg | 5 790 720 | 31.01.2017 |